

# **Handlingsplan 2015 – 2018**

## **AVDELING 32**

### **Helseavd.**

**ANSVAR: 3200 – 3224,3310,  
3340 og 8311**

**3200: Helseadministrasjon**

**3210: Friskliv/Miljøretta helsevern**

**3211: Helsestasjon**

**3212: Psykisk helsevern**

**3213/3310: Krisesenteret**

**3220: Kommunelegetenesta**

**3221: Fysioterapitenesta**

**3222: Legevakt**

**3223: Jordmor**

**3224: Koordinerande eining**

**3340: Edruskapsvern**

**8311: Miljøretta helsevern – interkomm**

## Handlingsprogram:

Kommuneplanen sin tekstdel – lovpålagte tiltak - Gol kommune sine tilbud:

### ▪ **Gol kommune skal arbeide målretta for god og likeverdig helse i heile befolkninga**

#### HELSE I PLAN

Det skal takast omsyn til helse i all planlegging.

Bygningar og tilrettelagt uteareal skal vera tilgjengelege for alle (universell utforming).

#### FØREBYGGING

Gol kommune skal arbeide for å fremje god helse i heile befolkninga i arbeid og fritid.

Livsstilssjukdommar skal førebyggjast gjennom fokus på kosthald, rus, tobakk, psykisk helse, kultur og fysisk aktivitet.

Kommunen skal gje tenestetilbod som brukaren i størst mogleg grad kjenner til, som skaper tryggleik, og der brukaren er aktivt medverkande

#### BEHANDLING OG REHABILITERING

Kommunen skal tilby nødvendig helsehjelp som dekkjer behov for pleie, omsorg, behandling og rehabilitering

Det skal arbeidast tverrfagleg for å samordne tilbod til menneske med psykiske vanskar, med særleg vekt på barn og unge.

Gol kommune skal innrette seg etter helse og omsorgstenestelovas føremål som er:

1. førebygge, behandle og legge til rette for meistring av sjukdom, skade, lidning og nedsett funksjonsevne,
2. fremje sosial tryggleik, betre levevilkåra for vanskelegstilte, bidra til likeverd og likestilling og førebygge sosiale problem,
3. sikre at den enkelte får mulegheit til å leve og bu sjølvstendig og til å ha ei aktiv og meningsfylt tilvære i fellesskap med andre,
4. sikre tenestetilbodets kvalitet og eit likeverdig tenestetilbod,
5. sikre samhandling og at tenestetilbodet blir tilgjengeleg for pasient og brukar, samt sikre at tilbodet er tilpassa den enkeltes behov,
6. sikre at tenestetilbodet blir lagt til rette med respekt for den enkelte si integritet og verdigheit og
7. bidra til at ressursane blir best muleg utnytta.

Kommunen skal sørgje for at personer som oppheld seg i kommunen, blir tilbydd nødvendige helse- og omsorgstenester. Kommunen sitt ansvar omfattar alle pasient- og brukargrupper, her under personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller lidning, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne. Kommunen har ansvar og plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda, slik at tenestenas omfang og innhald er i samsvar med krav fastsett i lov eller forskrift.

For å oppfylle ansvaret skal kommunen blant anna tilby:

1. Helsefremjande og førebyggjande tenester:
  - a. helseteneste i skuler og
  - b. helsestasjonsteneste
2. Svangerskaps- og barselomsorgstenester
3. Hjelp ved ulykker og andre akutte situasjonar:
  - a. legevakt,
  - b. heildøgns medisinsk akuttberedskap og

c. medisinsk nødmeldeteneste

4. Utredning, diagnostisering og behandling, her under fastlegeordning
5. Sosial, psykososial og medisinsk habilitering og rehabilitering
6. Andre helse- og omsorgstenester, her under:
  - a. helsetenester i heimen,
  - b. personleg assistanse, her under praktisk bistand og opplæring og støttekontakt,
  - c. plass i institusjon, her under sjukeheim og
  - d. avlastningstiltak.

Helseavdelinga har ansvar for alle tiltak unnateke 6 a, men likevel heimetenester for dei som treng psykisk helseteneste, b, men likevel for dei med psykiske plager som treng støttekontakt, c og d.

Kommunen skal ved å yte helse- og omsorgstenester fremme helse og søke å førebygge sjukdom, skade og sosiale problem. Dette skal blant anna skje ved opplysning, råd og rettleiing.

Helse- og omsorgstenestene skal bidra i folkehelsearbeid, her under til oversikten over helsetilstand og påverknadsfaktorar. Helse- og omsorgstenestene skal arbeide for at det blir satt i verk velferds- og aktivitetstiltak for barn, eldre og funksjonshemma og andre som har behov for det.

### **Tenesta i Gol – områder – brukarar**

Helseavdelinga yt tenester som er lovpålagte i samsvar med Helse- og omsorgstenestelova.

Nasjonale mål for kommunehelsetenesta er at tenestene skal:


- Vera trygge og sikre
- Vera verknadsfulle
- Vera samordna og koordinerte
- Involvere brukarane og gi dei medverknad
- Utnytte ressursane på ein god måte
- Vera tilgjengelege og rettferdig fordelte

Tenestene er organisert i helseavdelinga med desse områda:

- Legeteneste med legevakt
- Psykisk helseteneste
- Fysio- og ergoterapiteneste
- Helsestasjon med jordmorteneste
- Friskliv
- Koordinerande eining
- Miljøretta helsevern


- Målgruppe - alderssammensetning – FRAMTIDIG alderssammensetning

Figur 1 Alderssammensetning



- Brukarar – alderssammensetning

Figur 2 Ressursinnsats og tenesteyting



- Tilbod som blir gitt:

- **Helsestasjons- og skulehelsetenesta** har eit friskfokus og skal vektlegge ressursar som fremmer helse og positiv utvikling hos barn, unge og familiar. Tenesta følger barn og familien med helseopplýsing, rettleiing, standardiserte undersøkingar, vaksiner og anna målretta oppfølging på faste tidspunkter. Oppfølging skal omfatte barnets fysiske og psykososiale utvikling og bidra til gode oppvekstvilkår. I tillegg skal tenestene fange opp risikofaktorar, problem og skeivutvikling, samt sette inn nødvendige førebyggjande tiltak.
- **Jordmortenesta** har svangerskapskontroll og oppfølging av barselkvinner og nyfødte. Utfører heimebesøk etter heimkomst. Har beredskap og følgjeteneste.
- **Legetenesta** har legevakt, fastlegeordning, tilsynslegefunksjon på sjukeheimen, tilsyn med brukarar av omsorgstenester utanfor institusjon, kommuneoverlegefunksjon med smittevern og beredsskapsansvar, offentlege allmenmedisinske oppgåver som helsestasjons- og skulehelseteneste og psykisk helseteneste.
- **Fysioterapitenesta** driv undersøkjande, behandlande og førebyggjande tiltak retta mot bevegelsesapparatet. Dette omfattar blant anna manuelle teknikkar, øvingar og eventuelt bruk av tekniske metodar. Driv både individuell behandling og behandling i grupper. **Ergoterapitenesta** skal hjelpe menneske å oppnå maksimalt funksjonsnivå ut frå eigne føresetnader. Tilbyr blant anna trening i enkelte aktivitetar, tilrettelegging i heimen, og råd om og formidling av hjelpemiddel. Det er også eit mål å førebygge ulykker, isolasjon og aktivitetstap.
- **Psykisk helsearbeid** omfattar førebygging og funksjonsvurdering, tidleg hjelp og behandling. Det omfattar også rehabilitering, oppfølging, psykososial støtte og rettleiing,

samt henvising til spesialisthelsetenesta. På systemnivå skal det psykiske helsearbeidet drive med førebygging og opplysningsverksemd som motverkar stigmatisering og diskriminering av menneske med psykiske lidningar og plager.

- **Frisklivssentralen** er ei kommunal førebyggande helseteneste. Her kan personar som har auka risiko for, eller som har utvikla sjukdom få hjelp til å meistre eiga helse og endre levevanar. Frisklivssentralen tilbyr individuell rettleiing, kurs og gruppetilbod innan fysisk aktivitet, kosthald og tobakk.
  - **Koordinerande eining** har ei sentral rolle i å legge til rette for god samhandling. Dette gjeld både på individnivå, mellom pasient/brukar og tenesteytarar, og mellom tenesteytarar frå ulike fag, sektorar og nivå.
  - **Miljøretta helsevern** tilsyn og kontroll med alle typar faktorar i omgivingane som direkte eller indirekte kan virke inn på folks helse som luftforureining, støy, inneklima, røykfrie innemiljø, skadedyr, verknader av husdyrhald, utslepp av farlege stoffer til luft, jord og vatn, badevatn, bassengbad, legionella og miljøfaktorar i barnehagar og skoler. Er ei interkommunal teneste for Hallingdal.
- **Grad av integrering – tilbod**
    - Interkommunalt: Det er oppgåver som blir overført frå andreline-tenesta til kommunen utan finansiering og det vil tvinge seg fram samarbeid mellom kommuner om oppgåver kommunen ikkje kan klare åleine. Felles kommuneoverlegefunksjon og legevaktsamarbeid med medhjelpar blir ei utfordring i nær framtid.
    - Kommunalt: Tidleg innsats verkar i samarbeid med barnehage og skuler for å vareta barn og unge. Viktig å koma i gang med førebyggande team og kvardagsrehabilitering saman med heimetenestene.
  - **Budsjett – regnskap dei siste 3 årene**
  - **Kostnader til tenesta / innbygger (samanlikna med andre)**

I samband med arbeidet med plan for helse- og omsorgstenestene gav firmaet Deloitte denne konklusjonen:

«Gol prioriterer helsetjenesten høyt. Gols netto driftsutgifter utgifter til helseformål pr innbygger er høyer enn i sammenligningskommunene Øyer, Nes og Birkenes, gjennomsnittet for kommunegruppe 2 og landsgjennomsnittet.

Gols utgifter til diagnose, behandling, rehabilitering er forholdsvis høye. Dette har blant annet sammenheng med god legedekning og at fastlegene i Gol er ansatt i kommunen og ikke privatpraktiserende leger med driftsavtale.

Gol bruker også forholdsvis mye på forebyggende arbeid. Når det gjelder forebyggende arbeid i helsestasjon og skolehelsetjeneste er utgiftsnivået lavere enn i tre av sammenligningskommunene, men fortsatt høyer enn nivået i kommunegruppen.

Bemanningen i skolehelsetjenesten i Gol, sett opp i mot nye nasjonale normtall for denne tjenesten, tilsier at Gol mangler en 80 % stilling for å oppnå de nasjonale normtallene.


Gol har forholdsvis god legedekning, mens dekningen av fysioterapeuter er dårligere enn i flertallet av sammenligningskommunene».

- **Tilsette og oppgåver**

Det er 46 tilsette i helseavdelinga og alle har arbeidsbeskriving med definert ansvar og oppgåver.

## Folkhelseperspektivet:

Figur 3 Folkehelse og levekår



Denne figuren som KS har utarbeidd viser at Gol kommune har utfordringar med høgt tal på barn som bur i låginntekts-hushald, det er mange eldre over 80 år, det er mange unge uføre, det er mange kvinner som røyker og tala er registrert ved svangerskapskontrollen. Det er mange over 80 år som får omfattande heimhjelpstenester. Mål for folkehelse er fleire leveår med god helse og utjamne sosiale ulikskap i helse. Redusere helseforskjellar mellom sosiale lag, etniske grupper og kjønn. Gjennom deltaking i helsefremmande program kan personar motiverast til å ta ansvar for eiga helse. Det blir eit viktig arbeid å etablere og gjera tilgjengeleg oversikt over helsetilstanden i kommunen og dei faktorane som påverkar denne.

Alle fagområda i helseavdelinga gjer mykje førebyggjande allereie og har fokus på at førebygging er viktig. Likevel skulle helseavdelinga fått drive med enda meir førebyggjande tiltak. Ordtaket gjeld her også: «Det er billigare å førebygge enn å reparere». Helseavdelinga og fleire av avdelingane må samarbeide om tiltak for å endre utviklinga. Det føregår eit kartleggingsarbeid som bidrag inn i Folkehelseplan i Gol som er planlagt ferdig til våren 2015, og som blir eit viktig bidrag til planstrategi og politiske avgjerder.

### Konkrete vedtak gjennom året:

- Sak «Bustader for vanskelegstilte» er utsett til det er bestemt kva som skal gjerast med dei kommunale eigedommane.

### Utfordringer – mål 2015

#### • Opprettholde et godt tilbud med prioritering:

- Tilsett kommuneoverlege med avsett tid til samfunnsmedisin
- Oppfølging av barn og familiar med særskilde behov
- Sikre følgjetenesta og beredskap for jordmortenesta i Gol og Hallingdal
- Betre helse hos innvandarkvinner
- Styrke foreldrerolla og småbarnsfamiliar
- Fokus og inaktive barn og unge
- Kort ventetid på fysioterapi ved henvising av barn
- Tilbod til fleirkulturell ungdom med fokus på kjønnslemlesting og tvangsgifte
- Bustader for vanskelegstilte og brukarar utan buevne, - med og utan bemanning
- Handlingsrom for rusomsorg med praktisk bistand

- Oppfølging av born 6-16 med funksjonshemming
  - Kortare ventetid for personar med belastningslidingar, kroniske tilstandar og varige funksjonshemmingar
  - Optimal oppfølging og rehabilitering for vaksne og eldre med samansette funksjonsvanskar
  - Fallførebyggande trening
  - Sikre brukarmedverknad med brukarundersøking
  - Psykisk helseteneste får større og betre lokaler
  - Elektronisk meldingsutveksling for helsestasjon og jordmortenesta
- **Ev. styrking av tilbudet**

Førebygging:

- Helsefremmande tiltak som blir sett inn før folk blir sjuke
- Sjukdomsførebyggande tiltak som reduserar tal på nye tilfeller av sjukdom

Psykiske plager og lidingar er landets største helseutfordring med:

- Belastning på barn
- Sjukefråværskostnad
- Uføretrygdkostnad
- Tapte arbeidsår
- Sjukdomsbyrde
- Totale kostnader
- Dødelegheit

Kommunen vil få tilskot i rammeoverføringane til å førebygge helsestasjon- og skulehelseteneste og psykisk helse og bør prioritere satsing på barn og unge.

#### Vedlegg 3: Tiltaksliste – drift – innsparingstiltak:

Helsefremmande gjennom å styrke helsestasjonstenesta med 1 x 100 % stilling med tilskot frå rammeoverføringa. Kostnad 540000. Innsparing gjennom tidleg innsats for barn, unge og familiar. Sjukdomsførebyggande med å satse på førebyggande team for alle over 75 år. 50 % stillingsressurs med overordnet ansvar for alt forebyggende helsearbeid rettet mot eldre. Kostnad 300000. Innsparing ved å unngå fall i heimen, unngår press på heimetenestene og kan unngå bruk av institusjonsplass.

Kvardagsrehabilitering. Tilsette 1 x 100 % fysioterapeut/ergoterapeut i helseavdelinga+ 25 % stilling som sjukepleier i heimetenesta. Auke innsatsen med rehabilitering av heimebuande for å oppretthalde brukaranes funksjonsnivå. Kostnad 850000. Innsparing 500000 pr.år.

Vedlegg 4: Tiltaksliste – drift – nye tiltak:

Prioritet	Budsjettkap.	NYE tiltak og endringer	2015	2016	2017	2018
1	3221.2413	Kvardagsrehabilitering og reduserte ventelister. Kommunefysioterapeut	565			
1	3221.2413	Fastlønstilskot fysioterapeut 100 % stilling	-180			
2	3211.2322	Psykiatrisk sjukepleier 50 % st.		270		
3	8311 2331	Miljøretta helsevern 60 % stilling	85			
4	3220.2411	Sjukepleiar legekantor 20 % st diabetesoms.	110			
5	3211.2322	Helsesøster 100 % stilling			540	
6	3212.2415	Miljøarb.1x100 % st. rusomsorg			420	
7	3221.2413	Ergoterapeut 50 % stilling			282	
8	3220.2411	Fagstilling legekantor 100 % stilling			420	
9	3212.2415	Miljøarbeider 1 x 100 % stilling psyk helse		420		
10	3234.2324	Jordmorstilling frå 30 til 60 % stilling	165			
10	3234 2324	Refusjon følgetenest og beredskap frå Vestre Viken	-195			
11	3212.2415	Gjenopprette still. For ruskons. Frå 50 til 100 %				270
12	3212.2415	Nye behov for driftsmidlar til rusomsorga	100			